



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 07.06.2012
Møtetid: 15:00 - 19:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 2, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Liv Berit Befring (Ap) Karl Bård Kollbotn (Frp)	Odd Lønnebakken (Ap) Jon Magne Bogevik (Frp)

Andre som var til stades på møtet:

Ass.rådmann under heile møtet. Ped.konsulent Steinsland sak 9-10/12, Rektorane Aadland og Bruvik i sak 9/12, Kultursjef Lund sak 11-12/12.

Merknader: Sigmund Dyrhovden (Krf) var ugild i sak 11/12.

Orienteringar/meldingar:	
Utvalet sitt kvarter:	Sigmund Dyrhovden (Krf) ønskja til neste møte ei orientering om korleis barneverntenesta arbeidar med innvandrarar og kulturforskjellar. Jon Magne Bogevik (Frp) stilte spørsmål om vedtaket i formannskapet vedk. utbygging av sjukeheimen. Ass.rådmann orienterte om at saka vart lagt fram utan tilråding til kommunestyret. Det vert ei orientering der om status og framdrift for prosjektet.
Dokument utlevert i møtet:	

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 11.06.2012

Desse sakene vart handsama:

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/12	12/361	Faste saker	
009/12	11/584	Strategi for barnehagane og skulane i Samnanger kommune 2012 - 2015	
010/12	11/259	Tilstandsrapport grunnskulen 2012	
011/12	12/231	Kulturstipend 2012	
012/12	12/172	Fordeling av kulturmidlar	
013/12	12/224	Plan for folkehelsearbeid	
014/12	12/76	Fornyng av skjenkeløyve for Bjørkheim Kro & Motell AS for perioden 2012-2015	
015/12	12/98	Salsløyve for alkoholhaldig drykk 2012-2015	
016/12	12/14	Namneforslag - på bustad- og hyttefelt etter høyring.	
017/12	12/198	Planprogram for kommunedelplan for kulturminne 2012-2015	

SAKNR. 008/12
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke. Utvalet sitt kvarter: Sigmund Dyrhovden ønskja til neste møte ei orientering om korleis barneverntenesta arbeidar med innvandrarar og kulturforskjellar.

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om vedtaket i formannskapet vedk. utbygging av sjukeheimen. Ass.rådmann orienterte om at saka vart lagt fram utan tilråding til kommunestyret. Det vert ei orientering der om status og framdrift for prosjektet.

OO-008/12 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 009/12

STRATEGI FOR BARNEHAGANE OG SKULANE I SAMNANGER KOMMUNE 2012 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlagde utkast til *Strategi for barnehagane og skulane i Samnanger kommune 2012-2015*, datert 30.05.2012, vert vedteken som han ligg føre. Inkludert er Strategi for oppvekst- og læringsmiljøet – SOL i Samnanger og Plan for kompetanseutvikling for pedagogisk personale 2012-2015.

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-009/12 VEDTAK:

Vedlagde utkast til Strategi for barnehagane og skulane i Samnanger kommune 2012-2015, datert 30.05.2012, vert vedteken som han ligg føre. Inkludert er Strategi for oppvekst- og læringsmiljøet – SOL i Samnanger og Plan for kompetanseutvikling for pedagogisk personale 2012-2015.

SAKNR. 010/12

TILSTANDSRAPPORT GRUNNSKULEN 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utvalet for oppvekst og omsorg sluttar seg til tilstandsrapporten for grunnskulen i Samnanger mai 2012.

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedtak. .

OO-010/12 VEDTAK:

Utvalet for oppvekst og omsorg sluttar seg til tilstandsrapporten for grunnskulen i Samnanger mai 2012.

SAKNR. 011/12

KULTURSTIPEND 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Sigmund Dyrhovden (Krf) bad om å få vera ugild i saka. Han vart samrøystes funnen ugild.

Jon Magne Bøgevik (Frp) sett fram følgjande: ”Kulturstipend for 2012 vert tildelt Joar Haugen Lemme” .

Det vart røysta over framlegget til Bøgevik, som vart vedteke med 3 mot 1 røyst.

OO-011/12 VEDTAK:

Kulturstipend for 2012 vert tildelt Joar Haugen Lemme

SAKNR. 012/12

FORDELING AV KULTURMIDLAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg vedtar fordelinga.

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Odd Lønnebakken (Ap) vart samrøystes funnen ugild under handsaminga av tilskot kulturminnevern fordi han sit i styret til Nordvika stiftinga.

Lønnebakken gjekk ifrå under handsaminga av denne søknaden.

Utvalet gjekk igjennom søknadane og fordelte midlane med følgjande endringar:

Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande: ”Samnanger sokneråd - basement kr. 10.000,- , Samnanger kameraklubb kr. 4.500,-. Båtforeningen kr. 2000,-

Samnanger pensjonistlag kr. 2000,-, Fagforbundet kr.1000,-, Idrettslaget kr. 85000,-. Utvalet ynskjer å dreia kulturmidlane mot barne- og ungdomsarbeid og ynskjer lagt fram ei sak i OO for utlysinga.” Framlegget vart samrøystes vedteke.

Heidi Totland (Ap) sette fram følgjande: ” Samnanger sokneråd kompis får 7000” , som vart samrøystes vedteke.

Midlar til prosjekt vert teke opp til ny handsaming i desembermøtet.

OO-012/12 VEDTAK:

Søklarar- Kulturmidlar 2012	TILDELING
Barne og ungdomsarbeid 14701.1500.2310 –	kr 63 000
Nordbygda ungdomslag	34 000
Samnanger sokneråd – kompis	7 000
Samnanger sundagsskulelag	2 000
Samnanger sokneråd – basement	10 000
Samnanger barnekor og king-sing	3 000
Samnanger skulemusikklag	7 000
Kulturminnevern 14702.1500.3650 –	kr 10 000
Tomas Martin Nordviks stiftelse	10 000
Kunstformidling 14701.1500.3770	kr 37 000
Samnanger kameraklubb	4 500
Tysse og Nordbygda musikklag	25 000
Samnanger skulemusikklag	7 500
Idrett 14701.1500.3803 –	kr 95 000
Samnanger jeger og fisk	5 000
Samnanger IL	85 000
Tysse skyttarlag	5 000
Urd ungdomslag – reparasjon ballbinge (prosjektmidlar *)	15 000 *
Forsamlingshus 14701.1500.3851 –	kr 30 000
Frøylandsdal grandalag	5 000
I/S Vonheim	7 500
Urd ungdomslag	10 000
Nordbygda ungdomslag	7 500
Øvrige kulturformål 14701.1500.3854 –	kr 14 000
Pensjonistutvalet - fagforbundet	1 000
Røde Kors Omsorg	9 000
Samnanger båtforening	2 000
Samnanger pensjonistlag	2 000

SAKNR. 013/12

PLAN FOR FOLKEHELSEARBEID

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande framlegg:
"Administrasjonen innarbeider kommuneoverlegen sine merknader i planen for folkehelsearbeid i Samnanger før utvalet handsamar planen." Samrøystes vedteke.

OO-013/12 VEDTAK:

Administrasjonen innarbeider kommuneoverlegen sine merknader i planen for folkehelsearbeid i Samnanger før utvalet handsamar planen.

SAKNR. 014/12

FORNYING AV SKJENKELØYVE FOR BJØRKHEIM KRO & MOTELL AS FOR PERIODEN 2012-2015

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg frå (H, Ap, Frp): "Bjørkheim Kro & Motell AS løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk; øl, vin og brennevin.

Løyvet gjeld:

- For skjenking av øl og vin frå kl. 12.00 til kl. 01.00 alle dagar.
- For brennevin frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar.
- Løyvet gjeld og uteservering.
- Bjørkheim Kro & Motell AS får løyve til å servera øl og vin til kl. 02.00 inntil 6 gongar pr. år i samband med dansepubane."

Sigmund Dyrhoven sette fram endringsframlegg til siste kulepunkt:"kl.01.00 inntil 6 gongar...."

Det var røysta over framlegga der fellesframlegget fekk 4 røyster og Dyrhovden sitt 1 røyst.

OO-014/12 VEDTAK:

Bjørkheim Kro & Motell AS løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk; øl, vin og brennevin.

Løyvet gjeld:

- For skjenking av øl og vin frå kl. 12.00 til kl. 01.00 alle dagar.
- For brennevin frå kl. 13.00 til kl. 24.00 alle dagar.
- Løyvet gjeld og uteservering.
- Bjørkheim Kro & Motell AS får løyve til å servera øl og vin til kl. 02.00 inntil 6 gongar pr. år i samband med dansepubane.

SAKNR. 015/12

SALSLØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRYKK 2012-2015

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg frå (H, Ap, Frp): ”K. Knutsen AS, NG Kiwi Vest AS for Kiwi Bjørkheim og Laga SA får fornya løyve til sal av alkoholhaldig drykk med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.”
Samrøystes vedteke.

OO-015/12 VEDTAK:

K. Knutsen AS, NG Kiwi Vest AS for Kiwi Bjørkheim og Laga SA får fornya løyve til sal av alkoholhaldig drykk med volumprosent mindre enn 4,76% alkoholinnhald.

SAKNR. 016/12

NAMNEFORSLAG - PÅ BUSTAD- OG HYTTEFELT ETTER HØYRING.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har følgjande forslag på offentlege namn til desse hytte- og bustadfelta.

Nr 1. Holmane hyttefelt

Nr 2. a) Leiteshaugane hyttefelt, b) Fagerhaugen hyttefelt.

Nr 3. Haugen hyttefelt

Nr 4. Rolvsvåg bustadområde

Nr 5. Saga bustadområde

Nr 6. Blåbærkjerret hyttefelt.

Forslaget vert sendt til stadnamntenesta, for vidare sakshandsaming.

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-016/12 VEDTAK:

Samnanger kommune har følgjande forslag på offentlege namn til desse hytte- og bustadfelta.

Nr 1. Holmane hyttefelt

Nr 2. a) Leiteshaugane hyttefelt, b) Fagerhaugen hyttefelt.

Nr 3. Haugen hyttefelt

Nr 4. Rolvsvåg bustadområde

Nr 5. Saga bustadområde

Nr 6. Blåbærkjerret hyttefelt.

Forslaget vert sendt til stadnamntenesta, for vidare sakshandsaming.

SAKNR. 017/12

PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE 2012-2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet vert vedteke slik det ligg føre. Arbeidsgruppa som er oppnemnt får mandat til å gjera kosmetiske endringar.

07.06.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes.

OO-017/12 VEDTAK:

Planprogrammet vert vedteke slik det ligg. Arbeidsgruppa som er oppnemnt får mandat til å gjera kosmetiske endringar.

